


Bneiflabben Barnehage



Årsplan
2020



Bneiflabben Bannehage



SIGNE



MATHILDE



KINE



TOR ANDERS



INGUNN



LILLA



LIV MARIT



Innhold

Breiflabbens Barnehage.....	4
Formelle krav.....	6
Barnehagelova.....	6
Barnevernlova.....	6
Arbeidsmiljølova.....	6
Rammeplan.....	6
Danning.....	7
Omsorg.....	7
Venskap og fellesskap.....	7
Leik.....	7
Læring.....	8
Verdiar.....	8
Borns medverking.....	8
Pedagogisk Plattform.....	9
Kommunikasjon, språk og tekst.....	9
Kropp, rørsle, helse og mat.....	10
Kunst, kultur og kreativitet.....	11
Natur, miljø og teknologi.....	12
Mengd, rom og form.....	13
Etikk, religion og filosofi.....	14
Nærmiljø og samfunn.....	15
Informasjon.....	18
Oppstart.....	18
Kosthald.....	19
Friluftsliv.....	19
Sikkerheit.....	20
Foreldresamarbeid.....	20
Planlegging, dokumentasjon og vurdering.....	21
Skulestart.....	22



Breiflabben Barnehage

Breiflabben Barnehage er ikkje ein stad eller ein idé... Breiflabben er oss. Me vaksne som jobbar her, barna som veks opp her og ikkje minst foreldra som gir oss tillit til å ta vare på det kjæraste de har i verda.

Breiflabben Barnehage er - og skal alltid vere - ein god og trygg møteplass for både vaksne og barn. Me vil at du skal kjenne deg som heime når du kjem inn døra hos oss.

Samstundes som me vil at barnehagen skal vere prega av nærleik skal de og kunne stille krav til oss. Me har ei rekke formelle rammer rundt drifta vår, og det som skjer skal vere av fagleg høg kvalitet. Me har difor denne årsplanen som skal fungere som ein arbeidsplan og hjelpe med planlegging, utføring og evaluering av innhaldet vårt. De som foreldre skal finne viktig informasjon om barnehagen og vidare skal barnet kunne aktivt bruke årsplanen til å dokumentere si eiga oppvekst. Kommunen skal òg nytte årsplanen, det er nemleg eit viktig utgangspunkt for tilsyn og slik sikrar me at me gjer jobben vår slik me skal.

Denne årsplanen er delt i tre deler: Fyrst kjem den litt trøytsame og tungleste delen om lovar og slikt. Så skal me snakke litt om korleis me tenkjer heilskapleg utvikling i barnehagen med utgongspunkt i friluftsliv - Her har me utarbeida ei heilskaptleg pedagogisk plattform med utgongspunkt i Rammeplanens sju fagområder. Og til sist kjem ein del med informasjon, som særskilt er viktig for deg som får årsplanen vår for fyrste gong - sjølv om alle har godt av ei oppfrisking. Vedlagt til årsplanen kjem også ein kalender de kan henge på veggen. Her står alle viktige datoar i løpet av året. Eventuelle endringar skal de få beskjed om i god tid.

Då gjenstår det berre å ynskje dykk velkomne til eit flott år saman med oss i Breiflabben.



Tor Anders Eikeland
Dagleg leiar





Formelle krav

Barnehagens utforming og innhald vert regulert av barnehagelova og rammeplanen, samt mellom anna arbeidsmiljølova og lova om barnevern. Me samarbeider med ulike instansar for å sikre kvalitet i drifta. Alle desse lovene kan ein lese meir inngåande om på lovdata.no.

Barnehagelova

Dette er ei lov som regulerer drift av barnehager med utgangspunkt i eit tett samarbeid mellom barnehage og heim, samt på kryss av ulike instansar. Barnehagelova framhever at barn skal få utfolde skaparglede, undring og utforskertrong, samt utvikle sjølvstende og omsorg for andre menneske og natur. Dette er verdiar som er viktige for oss i Breiflabben.

Barnehagelova stiller òg krav til pedagogisk innhald, mål og vurdering. Desse er nærmere forklart i rammeplanen som vert presentert seinare.

Barnevernlova

Denne lova har til hensikt å sikre at alle barn og unge som under forhold som kan skade helse og utvikling får den hjelp og omsorg dei treng. Barnehagar har eit ansvar for å bistå i å oppdage, utredning og oppfølging av barnevernssaker. Med få særskilte unntak skjer dette arbeidet i samarbeid med heimen, og ein skal ha ein saksgang som sikrar barnets beste og samstundes tek vare på heimen som heilskap.

Arbeidsmiljølova

Dei vaksne som jobbar i barnehagen har og rettar som skal sikre sosial trivsel og ein helsefremjande arbeidsplass. Breiflabben er set det som eit mål at våre tilsette skal ha dei beste arbeidsforhold på alle vis. Den viktigaste faktoren i ein god barnehage er gode vaksne - difor gjer me alt for å løfte kvarandre. Me har tett dialog på fysiske tiltak på arbeidsplassen, samt utvikling av eit trygt psykososialt arbeidsmiljø.

Rammeplan

Rammeplan for barnehagens oppgåver og innhald regulerer mykje av det som skjer i barnehagen, og i dette kapittelet skal me presentere dei viktigaste elementa fra rammeplanen og korleis me i Breiflabben arbeider mot desse.



Danning

Danning er det som sit att i oss når alt me har lært er gløymt. Det er evna til å reise seg etter eit fall. Det er viljen til å prøve på nytt når ein har feila. Det er verdiar, meininger og sjølvkjensle. For å sikre ei god danning skal me i Breiflabb møte tilpassa utfordringar, både fysiske og sosiale. Me skal få bistand om utfordringa vert for stor, slik at ein i alle situasjonar kjenner meistring. Danning skjer i krangelen om spaden, i omsorgen ein får og gir, i treet ein klatrar i og i fellesskapet ein er ein del av. Ein Breiflabb skal ha sjølvtillit til å stå rak i stormen, omsorg til å løfte dei som treng hjelp og styrke til å bære si eiga bør. I Breiflabben meiner me at danninga skjer best i eit naturleg miljø, i direkte kontakt med dyr, planter og klima - i eit fellesskap med rom for kvar enkelt.

Omsorg

Omsorg er noko me skal lære å både gi og få. Me skal kjenne på og forstå verdien i det å ta vare på oss sjølv, andre og verda. Omsorg er noko me har for andre menneskje, for dyr, for planter, ja, for heile verda.

Hos ein Breiflabb ser du denne omsorga når nokon fell og slår seg: Me spør om det går bra, me hjelper dei opp, me trøystar, klemmer og bles på såret og hentar ein vaksen.

Omsorg er nøkkelen til tryggleik, noko som har direkte påverknad på vår fysiske helse. Dei barna som kjenner på tryggleik lærer betre, det same gjeld for dei som er fysisk aktive. Her hos oss dekkjer me begge desse faktorane.



Venskap og fellesskap

Det å vere ein ven og ein del av eit fellesskap er ein viktig del av utviklinga vår. Hos oss skal alle kjenne seg viktige. Ein skal lære seg å vere ei positiv og god brikke i heilskapen, samstundes som ein skal lære å handtere negative møter. Ein skal ikkje skjermast frå utfordringar, men lære seg å snu situasjonen til noko positivt. Ein skal lære å uttrykke sine meininger, og å lytte og tolerere andre sine meininger. Ein skal oppleve verdien av gode møter, og lære å skape slike gode møter sjølv.

Leik

Leik er det viktigaste elementet av barndomen. Leiken er ein refleksjon av vaksenverda, og det er her me vaksne kan sjå kva som er viktig for barn. I Breiflabben nyttar me observasjonar frå leiken til å orientere oss om kva barna er opptatt av, og samstundes som me observerer leik skal me delta. Me skal lage rom for barnas leik, og bistå alle i å få gode leikeopplevelingar dagleg.



Læring

Læring skjer overalt, og særskilt i ein god leik, i eit trygt fellesskap, bér leiken frukter. Gjennom forskning veit me at aktiv leik styrker barns evne til konsentrasjon og læring. Difor legg me vekt på veksling mellom aktivitet og kvile i barnehagen. Me opererer me tre læringsfasar i kvardagen: Førebuing, Oppleving og refleksjon. Dette kan vere alt frå små og kortsiktige prosjekt til prosjekt som varer gjennom året. Dette legg tilrette for maksimalt utbytte for barna.

Verdiar

Barnehagen skal vere prega av trivsel, venskap og leik. Barna skal kjenne seg som ein viktig del av sin eigen kvardag - gjennom å uttrykke si eiga mening i eit demokrati med rom for mangfold og gjensidig respekt. Det skal vere rom for alle, gjennom allsidige møter med lokal, nasjonal og internasjonal tradisjon og kultur. Ein skal oppleve likestilling og likeverd og barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

Breiflabben er ein barnehage som nyttar det meste av tida i eitt med naturen, og me skal lære om vår rolle som ein del av planeten. Berekraftig utvikling er difor eit viktig ledd i vår kvardag. Me skal dekke våre behov i dag utan at dette går på bekostning av framtidige generasjonar. Me skal hauste av naturen på berekraftig vis og nyttar prinsippet sporlaus ferdsel. Gjennom direkte kontakt med naturen skal me lære å setje pris på alt rundt oss. Vårt forhald til naturen og klima skal vere prega av glede og omsorg, ikkje frykt.

Kosthald og helse står sentralt i Breiflabben. Me skal tilby mat som inneholder alt barna treng for optimal vekst, samstundes som måltida er prega av matglede og meistring. Kosten er byggeklossane til kroppen, og difor må den vere rett!

Borns medverking

Det å få sei meininga si om sitt eige liv, og kjenne på at ein kan påverke og forme sin eigen kvardag er viktig for alle. Me skal leggje til rette for at barna skal få medverke i tråd med alder, utvikling og dei individuelle behova og føresetningane deira. Me skal oppmuntre barna til å delta aktivt i både planlegging og vurdering. Dette gjer me via daglege barnemøter både morgen og ettermiddag, samt ein vaksenkultur som inviterer til den gode samtalen.



Men ikkje all medverking skjer gjennom ord. Me vaksne skal vere engasjerte i barnas kvardag og oppdage ynskjer og meiningar som ikkje alltid kjem fram. Me ser det i blikk, usikkerheit, leik og anna. Observasjonar og systematisk evaluering av kulturen i barnegruppa skal drive mykje av innhaldet i kvardagen. Det å ta alle barn på alvor har alltid vore viktig i Breiflabben.



Pedagogisk Plattform

Rammeplanen definerer sju fagområder som er særskilt viktige i barnehagen. I Breiflabben meiner me at alle desse vert best fulgt opp gjennom friluftsliv. Under kvart fagområde har me utvikla progresjonsplan for barna som dannar vår pedagogiske plattform.

Kommunikasjon, språk og tekst

Språket er tankanes verktøy, og når man får direkte kontakt med konkrete naturlege materialer går begrepsslæringa raskare. Leik utandørs vert meir kreativ og gjer ein betre blanding på tvers av alder og kjønn - Ein får altså fleire språklege rollemodellar i friluftsliv. Ein ser og at barn er meir inkluderande i leik ute. Vidare veit ein at barn som vert lest mykje for lærer å lese raskare. Gjennom ein felles kjærleik til språk, sang og tekst skal me i Breiflabben bade barna i språk. Forskning avdekker òg at det er korrelasjon mellom språklege og motoriske problem hos barn, difor er det viktig å ikke gløyme kroppen i språkarbeidet. Forskning avslører faktisk at barn i friluftsbarnehagar er betydeleg sterkare motorisk enn andre barn.





Kropp, rørsle, helse og mat

Mykje sitting og generell inaktivitet fører barns helse inn i ein nedadgåande trend. Databruk, fjernsyn og stadig urbanisering vert trekte fram som potensielle syndarar. Bilens sentrale rolle i kvardagen, samt vaksenstyrt fritid, spelar og ei sentral rolle. Friluftslivet er ein god medisin mot denne utviklinga. Beina vert transportmiddel og naturen trer inn i rolla som kreativitetssenter framfor skjermar. Me vil gjere barna til ein aktiv del av deira eigen kvardag. Om ein tek ein evolusjonpsykologisk vinkling på mennesket kan ein vidare konkludere med at hjernen først og fremst er forma for å koordinere kroppens rørsler, og at alle kjensler og tankar er bivirkningar av vårt behov for å styre kroppen. Det gir eit ganske avslørande bilet av kor viktig ein sunn kropp er.

Minst 60% av næringa barn inntar får dei i barnehagen, og kosthaldet står difor i sentrum. Me skal delta i matlagning, og ha ein meny som dekkjer heile barnet. Det betyr begrensinga nytting av pasta, ris og bakevarer. Me tek sikte på at alle måltid består av 1/3 kjøt (helst fisk og kylling), 1/3 grønt og 1/3 karbohydratar (korn, pasta, etc.).





Kunst, kultur og kreativitet

Utan kroppen og dens erfaringar i ein konkret natur ville verda mangle farge, lyd, kjensle, form og rytme. Førstehandserfaring med komplekse materialer gjer eit sterke inntrykk og lar barna gje eit sterke uttrykk. Våre estetiske prosjekt finn me altså i møtepunktet mellom barndom og natur.

Vidare tek me barnas kreativitet ut i lokalsamfunnet via forskjellelege formater som ein årleg marknad, besøk ved institusjonar og anna. Barnas kultur skal vere eit deltagande innslag i nærmiljøet.





Natur, miljø og teknologi

Sjølvrealisering og sjølvutvikling er avhengig av identifisering med andre levande vesen. Når me i breiflabben gjer barna ei rekke møter med ein levande natur får dei spegle seg og utvikle seg i tråd med anna liv. Ein skal ikkje ha frykt for natur og miljø, ein skal ha kjærleik. Me skal gå inn i naturen og verte ein del av den. Me kallar det identifikasjon gjennom handling! Når me opplever glede i naturen, vert me glade i den - og når me vert glade i nokon vil me ta vare på dei. Miljøvern gjort enkelt. Den teknologien me møter skal alltid reflektere vårt naturvennlege perspektiv - og samstundes leggje til rette for at barna er oppdaterte og kompetente. Me praktiserer sporlaus ferdsel og bærekraftig bruk av omgivnadane våre.

Natur, miljø og teknikk

Oppleve skapar- og formidlingsglede

Nytte sjølvskaffa materialen frå naturen

Oppleve ei breidde av materialen og teknikkar

0-2

- Oppleve variente naturlege biotopar med fokus på tryggleik, harmoni og ro
- Oppleve enkelt friluftsliv med fokus på glede
- Enfane både narsle og kvile i naturen
- Nytte teknologi i møte med naturen
- Ha betydelege innslag av natur inne på avdelinga

3-4

- Me praktiserer sporlaus ferdsel, retta mot bærekraft
- Samtale om naturfenomen og nytte bevisst terminologi
- Nytte naturen til felire føremål: Mat, Kunst, verktøy, leik, filosofi og meir
- Naturlege materialer skal ha ein plass i att me gjer
- Knowise, nettbrett og fotografering

5-6

- Utforske antroposentrisme og vurdene menneskets rolle i naturen
- Utforske biosentrisme og korleis me kan skape rom for naturen
- Eksperimenter med fysikk og kjemi
- Overnatting i skogen med tilhøyrande friluftsaktivitetar



Mengd, rom og form

Naturen tilbyr størst rom for varierande impulsar og kompleksitet som er naudsynt i utviklinga av spatial forståing. Forskning syner at barn trekkes mot naturlege og komplekse materialer og her oppstår den beste konstruksjonsleiken. For oss vert friluftslivet ein katalysator i læring og utvikling. Me skal nytte naturmaterialer i læringa, og tek utgongspunkt i prinsippet om kompleksitet i sanseinntrykka i både formelle og uformelle læringssituasjonar.

Mengde, rom og form

Oppleve matematisk glede og meistring

Konkretisene matematiske elementen i kvardagen

Skape eit miljø som inviterer til læring

0-2

- Få oppleve sangar og eventyr med teljing
- Oppleve eit ellsidig leikemiljø med fokus på læring
- Utnofrse mønster, formen og fangan via sorteringslek
- Enkel og lystbetont teljing
- Gjere seg grunnleggjande erfaring kring størleiken

3-4

- Byrjande forståing av talssymbol
- Beskrive formen og mønster
- Veging og måling i matlagning
- God opplevingar kring brettspel i sosiale omgivningar
- Leggje tilnætta forn Konstruksjonslek på avdeling og leirplassar

5-6

- Byrjande forståing av den analoge klokka
- Kunne telje ttt
- Kunne skrive ulike siffer
- Kunne følge ei oppskrift med stønad frå voksne
- Nytte arbeidsboken og oppleve læreglede



Etikk, religion og filosofi

Utan kroppen vår ville det ikkje eksistere moral, estetikk, religion eller filosofi. Ein ser dessverre at dagens miljøarbeid blant barn er preget av negativitet, bekymring og frykt. Slik er det ikkje i Breiflappen. Me skal lære å verte glade i naturen og ha tru på framtida. Me kallar det djupøkologi. Det å verte kjente med oss sjølv, vår fortid og framtid i naturen. Alt arbeid som verdset barns friluftsliv og glede er ein støttespelar i dette arbeidet. Vidare skal Breiflappen vere ein stad for barns ytringsfridom, kor ein får møte likskapar og ulikskapar med respekt og undring. Ein skal utforske både antroposentrisme og biosentrisme og verte kjente med oss sjølv og kvarande.

Etikk, religion og filosofi

Utforske mennesket
si rolle i naturen

Oppleve undring
og mangfold

Skape gode samtalar
om tema som er
viktige for barna

0-2

- Oppleve og praktisere grunnleggjande verdian
- Få hjelptil å setje ord på Kjensler
- Delta i markering av høgtider og tradisjonar
- Oppleve omsong og nærelek
- Lære å dele, inkludere, tilgi, takke og støtte

3-4

- Få kjennskap til ulike tradisjonar
- Døfte konflikt og samarbeid
- Utforske Kjensler og dilemma frå bøkene om Karin og prinsvin
- Lære å handtere utfordringan i kvardagen
- Delta i gruppessamtalar og få bynjande innsikt i ulike perspektiv

5-6

- Forstå bakgrunn for ulike høgtider
- Møte ulike meininger og synse toleranse for ulikskapar og andre meininger
- Få yttre eigne meininger og erfaring med problemløysing



Nærmiljø og samfunn

Lokal identitet er avgjerande i danningen av personlegdom og identitet. Stadig globalisering og materielt fokus eliminerer småsamfunn og fjerner lokal tilhøyring og kultur. Me skal verte kjente med samfunnet frå globalt via nasjonalt til lokalt nivå, men verdiane og hjarta vårt skal liggje i vårt lokale miljø på Moster. Me skal verte kjente med, glade i og stolte av heimstaden vår. Innan friluftsfilosofien er ein redd for at globalisering og teknologisk utvikling vil viske vekk lokalsamfunnet og den kulturbredda ein har i verda. Nordmenn identifiserer seg i større grad enn andre med naturen vår, og difor er friluftslivet ein naturleg arena for barnehagen. Olje, nobelpris og rikdom er ikkje det me presenterer når me snakkar om Noreg. Me snakkar om fjordar, fjell, skog, sjø og sunne, sterke og aktive folk. Som bømlingane seier: Driftige folk i vakker natur. Det skal vere Breiflabben.









Informasjon

Det er mykje ein må vite når ein går i barnehage. Korleis er dei fyrste dagane? Får ein mat i barnehagen? Kva treng eg ta med heimefrå? I denne delen av årsplanen finn du alt du treng å vite om kvardagen i barnehagen.

Oppstart

Har du akkurat begynt i Breiflabben, eller har du gått her lenge? Kan du hugse når du begynte, eller var du nesten ein baby? Nokon byrjar i barnehage når dei er eitt år, og nokon byrjar når dei er fem.

Nokon har gått i mange barnhagar, og nokon i berre ein. Det er mange som gruar seg litt til å starte i barnehagen, og mange som gler seg. Dei fleste «Gru-gler» seg nok litt. Det betyr at dei kjenner litt på begge dei kjenslene. Kanskje kjendes det ut som om du hadde sommarfuglar i magen når du skulle starte i barnehagen, kanskje kjendes det nesten ut som du hadde elefantar i magen.



Når eit nytt born skal byrja i Breiflabben brukar me å sei at mamma eller pappa kan være med i tre dagar.

Den fyrste dagen får du og mamma eller pappa kome på besøk i nokre timer. Du vert litt kjent med dei vaksne, og lærer deg kor doen, plassen og samlingskroken er. Du treng ikkje å hugse namnet til alle borna, men kanskje er det nokon du har leika litt ekstra med som du gler deg til å leike meir med i morgen?

Den andre dagen i barnehagen veit du litt meir. Det er mange som vert glad når du kjem. Kanskje vil du leike det same som i går, kanskje vil du prøve noko nytt. Når du har vorte litt trygg i barnehagen så kan mamma eller pappa bli med opp på kontoret. Då kan dei snakke litt med dei vaksne. Me kallar det «oppstartssamtale.» Då kan mamma eller pappa fortelje viktige ting om deg. Så kan mamma eller pappa få høre nokon viktige ting om Breiflabben barnehage og. Me skriv under på nokre papir, og snakkar om korleis Breiflabben gjer ting. Etter oppstartssamtalen vil du kanskje leika litt lenger i barnehagen. Då kan mamma eller pappa ta seg ein tur heim.

Den tredje dagen i Breiflabben kan mamma eller pappa være med deg ei stund. Etterpå er det kjekt viss dei tek seg ein tur heim. Då kan du øva deg på å være utan mamma og pappa i barnehagen nokon timer. Kanskje rekk du å laga noko stileg du kan ta med heim?



Kosthald

Mat er viktig for oss i Breiflabben. Me veit at du treng mykje og sunn mat for å vekse deg stor og sterk. Men me veit og at mat er mykje meir enn det. Me veit at den einaste vegen inn i hjernen er gjennom sanseapparatet, og når du et nyttar du alle sansane samstundes. Me jobbar mykje med ulike smakar, konsistensar og erfaringar. Me veit at å lære seg å like ny mat er som å lære seg å sykle. Du må øve og øve. Det er ekstra kjekt når me har kokkedag. Då får du kutte, skrelle, måle, røre og smake.

Me samarbeider godt når me lagar mat i lag, og kjekkast er det nok når me lagar mat ute på bål eller bålpanne. Det er noko heilt spesielt med mat du har laga sjølv og steikt ute. Det einaste som er stiligare er når me har funne maten i skogen, i sjøen, i kjøkkenhagen, hos hønene eller på buskane. Me trur at me lærer så mykje av å drive med mat, at mamma og pappa ikkje treng å betale matpengar. Me seier at det er ein del av det pedagogiske grunntilbodet. Me lærer sjølvregulering, finmotorikk, tålmod og samarbeid når me jobbar med mat. Me får meistringskjensle og eit sterkare sjølvbilete. Me utviklar eit godt og variert ordforråd når me beskriv smaksopplevingar og intrykk. Når me jobbar så mykje med mat tenkjer me at du veks både utanpå og inni deg.



Friluftsliv

I Breiflabben likar me ekstra godt å være ute. Me driv med noko som heiter friluftsliv. Det betyr å vere i naturen og nytte musklane våre. Forskarane seier at barn som veks opp med friluftsliv vert glade i naturen, vert ekstra flinke på skulen og har det betre på innsida av seg sjølv.

Det er nokre ting det er lurt å tenkje på når ein skal verte eit friluftsbarn. Når du byrjer i barnehagen får du din heilt eigen Breifabbsek og -flaske. Oppi sekken kan du ha truse, sokkar, stillongs og trøye i ein pose. Då kan du skifte sjølv om du vert våt på tur. I korga di i garderoben skal du og ha truser, stillongs, sokkar og trøyer. Det er godt for deg viss du har ull eller fleece klede, og vottar og lue treng me på Moster. Du kan ha Batmangenser og ballerinaskjørt, men det er ikkje naudsynt for å halda deg varm. Du skal øve deg på å passe på kleda dine sjølv, men mamma og pappa må hjelpe deg å passe på at du har alt du treng.

Naturen rundt Breiflabben er heilt perfekt for oss. Me har vår eigen båt i Grønåsvågen som me fiskar med. Me har store syklar med plass til alle barna slik at me kan reise akkurat der me vil. Me har flotte leirplassar rundt på Moster både i Grindheimsmarka, Røyksund og på Notland. Her lærer me å leike og leve i eitt med naturen. Me byggjer, spikker, lager mat og lærer alt mogleg.





Sikkerheit

Me passar godt på deg i Breiflabben. Du får lov til å gjere mykje, og du får lov til å øva deg på ting du ikkje kan. Du får spikke, skjære, sage, hamre, klatre og springe. Det kan hende du får nokre kutt eller blåmerke. Det gjer ikkje så mykje. Me har plaster og trøyst med oss over alt. Men det er svært viktig at du ikkje vert alvorleg skada. Dette tenker me mykje på, og snakkar mykje om i barnehagen. Me gjer mange ting for at du skal være trygg. Når me er ved sjøen har du redningsvest på deg. Det er kult med redningsvest, for den kan faktisk redda livet ditt. Redningsvestane våre er godkjente og passar den vekta du har. Det er viktig, elles kan me kalla det falsk tryggleik. Det vil me ikkje ha.



Når me går langs bilveg brukar me refleksvest, denne får du i Breiflabbsekken din. Det er slik at alle bilar lett skal sjå oss. Me lærer oss å gå i trafikken. Der er det mange ting å tenka på. Alle må høre når ein vaksen seier stopp. Me går langs kanten, stoppar når det kjem bilar, høyrer og ser godt der me går. Bømlo kommune skal bli ein trafikksikker kommune, så me skal jobbe litt ekstra mykje med tryggleik i trafikken. Det er lurt å lære mykje om det. Når me er ute å køyrer bil er alle ungane godt sikra i godkjente seter, og i godkjente bilar. Alle dei vaksne har lært seg korleis dei skal feste setene på den rette måten.

Breiflabben barnehage er med i noko som heiter private barnehagars landsforbund. Dei veit mykje om born og barnehagar. Dei har laga eit system som heiter Mentor. Det er eit HMS system. HMS tyder helse miljø og sikkerheit. Dei har mange ark som me vaksne må passa på for at alle skal være trygge. Dei har ark for å passe på at det er rett temperatur i kjøleskåpet så ingen vert sjuke av maten, og dei har ark for å passa på at borna er trygge på tur. Dei har ark som fortel om kva me skal gjera viss vanskelege eller farlege ting hender. Me vaksne veit mykje om HMS og me lærer heile tida meir.

Me kjenner oss trygge når me har eit så godt system.

Me markerer brannvernveka, og har brannøvingar i barnehagen. Då øver me oss på å gå ut utan å bli redde. Me øver oss på å gå ut så fort me kan utan å springe, og me øver oss på korleis me skal te oss når brannalarmen går. Me har ulike pedagogiske opplegg som til dømes Brannbamsen Bjørn som kan lære oss mykje om brannvern.



Foreldresamarbeid

Alle familiar er ulike. Nokon familiar har mange born, nokon har berre eit. Nokon familiar har mamma og pappa som bur i lag, og nokon familiar har berre ei mamma eller ein pappa. Nokon familiar har to mammaer eller to pappaer, og i nokon familiar er borna født ein annan plass, og adoptert av foreldra sine. Nokon familiar har



stemamma eller stepappa og nokon familiar har stesysken eller halvsysken. I nokre familiar bur borna mest hos den eine av foreldra, og i nokre familiar bur borna ei veke hos kvar. I nokre familiar kan ikkje borna bu hos foreldra sine så dei bur i fosterheim. Det er jammen bra at me er så ulike.

Korleis ser din familie ut?

I den viktig barnehagelova vår står det at uansett korleis familien din ser ut så skal barnehagen og familien din samarbeide om korleis du kan ha det best i barnehagen. Me vaksne likar veldig godt når foreldra deler tankane sine med oss, både når det er noko som er kjekt og når det er noko som er vanskeleg. Me vaksne vil også ta kontakt med familien din på mange måtar. Me snakkar med dei som leverer og hentar deg kvar dag, og fortel litt om korleis dagen din har vore. Me legg ut månadsplanar på heimesida vår, der legg me og ut biletar så familien din kan sjå kva me har gjort i barnehagen. Me sender ut epostar og meldingar i ny og ne, så det er lurt at me får beskjed frå familien din om nokon har fått ny epostadresse eller nytt telefonnummer.

To gonger i året har me foreldresamtalar, men viss nokre foreldre har lyst på fleire samtaler så er det berre å sei frå. Av og til har me foreldremøter. Då møtes alle foreldra og pratar om slikt som er viktig for alle å veta. Me har ulike festar for foreldra i barnehagen. Då er det veldig kjekt viss nokon frå heimen din kjem, og veldig viktig at me får veta det viss ingen kan koma. Det er ikkje alltid det passar å møte opp, og det er greitt. Då skal me vaksne i Breiflabben passe ekstra godt på at du har det kjekt den dagen. Me vaksne i Breiflabben vil at foreldra skal lesa det me sender heim, eller heng opp på veggen. Det er ofte informasjon som er kjekk for heimane å ha. Me vil også at foreldra dine skal passe godt på kva som er i skiftekorga di i garderoben. Viss foreldra dine i tillegg skriv namnet i kleda dine, så blir det så lett å passe på for oss vaksne i barnehagen.


I barnehagen har me eit samarbeidsutval. Det er to foreldre, styrar og ein av dei vaksne i barnehagen som jobbar saman for at Breiflabben barnehage skal vera god for borna og foreldra.

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Me vaksne bruker mykje tid på å dokumentere arbeidet vårt. Det betyr at me skriv ned og tek biletar av kva me gjer i barnehagen, så snakkar me i lag om korleis det har gått, og korleis me kan gjera det enda kjekkare i Breiflabben. Me har gått lenge på skule, og tenkt og snakka myke for å finne ut korleis det er best for born å ha det i barnehagen. Det er fleire ting som er viktige for oss å dokumentere. Korleis du leiker og lærer i barnehagen er viktig for oss. Då kan me sjå at du har det bra og trives. Nokre born treng kanskje litt ekstra hjelp frå vaksne. Då er det viktig at me vaksne observerer. Det betyr at me ser veldig nøyne etter kva du treng litt ekstra støtte på.

Me skriv ned kva me ser, så tenker me mykje, og snakkar mykje i lag slik at me veit at me har sett deg slik du treng å bli sett.

Me har nokre kartleggingsverktøy som me kan bruke. Det er leikar me kan leike i lag, mens dei vaksne skriv kva dei ser i ei bok. Det er lurt, for då kan me lesa i ei anna bok kva nokon som har gått veldig lenge på skule for å lære seg om born seier. Det er viktig at me ser så godt etter korleis du har det i barnehagen og inni deg, for me er *Ei pedagogisk verksemde*. Det er vanskelege ord, men





betyr berre at me skal gjera alt me kan for at du og dei andre borna skal ha det godt i barnehagen. Me skriv månadsplaner som vert lagt ut på heimesida vår på dataen. Då tenker me mykje på at me skal gje deg varierte opplevingar. Det betyr at me ikkje gjer det same kvar dag, sjølv om det er veldig kjekt. Etterpå snakkar me vaksne sammen på eit møte om kvelden. Me snakkar om korleis me kan gjera ting endå betre, og kva me har lyst til å jobbe endå meir med. Me snakkar om kva me har lært, og kvifor det er viktig å lære det. Du og dei andre borna får og delta i planleggings og vurderingsarbeidet vårt. Me snakkar ofte i lag om kva me vil gjera, og korleis me vil gjera det. Det er viktig at borna er med å bestemmer dei store tinga i barnehagen og. Det er jo du som veit mest om korleis det er å gå i Breiflabben barnehage.


Dei som ikkje jobbar i Breiflabben kan sjå på planane våre, og på dokumentasjonen vår, og då kan dei verte endå betre kjent med Breiflabben barnehage. Dei kan sjå korleis me har tenkt, og dei kan sjå kvifor det er viktig for oss.

Skulestart

Det siste året i barnehagen er eit spesielt år. Du er eldst i barnehagen, og får gå i skuleklubb. Når sommaren kjem skal me ha sommarfest, då blir det ein fin avslutningsseremoni for deg som skal på skulen. I skuleklubben skal me leike og jobbe litt med ting me treng å lære oss før skulestart. Det er kjekt at du kan skriva namnet ditt, men lesing og skriving er dei veldig flinke til å lære bort på skulen.


Me treng ikkje lære oss å lesa og skrive her. I barnehagen nyttar me tida til å leike med språket. Me vert interessert i å lære oss meir, og me forstår mykje om kva læraren snakkar om på skulen. Du kan rekke opp handa, og du kan høre etter når nokon snakkar. Når du går på skulegruppa skal du førebu deg på det som kjem på skulen. Du skal leike mykje, for det er det viktigaste me gjer i barnehagen. Så skal du øve deg på å passe på tinga dine. Du skal bli så superflink til å rydde i sekken og kle på deg sjølv at du får leike lengst mogeleg i friminuttet. Me jobbar heile barnehagetida di for at du skal være så trygg inni deg sjølv, og ha opplevd å få til så mykje at du møter utfordringar med glede og tryggleik. Du må lære deg mykje om korleis du kan te deg viss du ser nokon som ikkje har det greitt.

Du må lære mykje om å være ein rollemodell og ein venn. Du veit mykje om å vere ein venn for det veit alle Breiflabbar. Venskap er viktig i Breiflabben.





Breitlapooh Bannehage



Breiflabben Barnehage

Breiflabben Barnehage er ikkje ein stad eller ein idé...

Breiflabben er oss. Me vaksne som jobbar her, barna som veks opp her og ikkje minst foreldra som gir oss til til å ta vare på det kjæraste de har i venda.

